



Arkivnr: 2019/12669-1

Saksbehandlar: Ingeborg Sofie Sætrevik

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 11.09.2019 |
| Fylkesutvalet | | 19.09.2019 |

Unike regionale utviklingsprosjekt - investeringstilskot til regional utvikling 2019**Samandrag**

Støtta skal gå til prosjekt som medverkar til å skapa gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn – lokalt som regionalt. Midlane skal nyttast til regionale prosjekt der målet er å skapa noko unikt for heile eller deler av fylket. Midlane skal primært gå til investeringsføremål og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretisert. Tidligare har midlane vore lyst ut for to år, men grunna fylkessamanslåinga frå 2020 vert midlane denne gongen lyst ut for 2019.

Ordnингa for Unike regionale utviklingsprosjekt har vore annonseret breitt til kommunane i Hordaland.

Søknadane har vore vurdert av ei gruppe samansett frå dei aktuelle fageiningane i administrasjonen.

Av 13 søknadar er det ein søkjær som har fått støtte til eit tidligare byggjetrinn. Beløp som er til fordeling er kr 5,7 mill. og det totale beløpet det blir søkt om er kr. 22, 988 mill.

Økonomi: Støtta vil ikkje ha negativ effekt på driftsresultat, lånegjeld eller disposisjonsfond.

Klima: Prosjekta vil ikkje ha negativ verknad for klima.

Folkehelse: Prosjekta som vert innstilt fremjar folkehelsa.

Regional planstrategi: Prosjekta er i tråd med regional planstrategi.

Forslag til innstilling

1. Følgjande får tilskot som strategisk viktige prosjekt for regional utvikling for 2019

Prosjekt:

| | Beløp |
|---|-----------------|
| Ovn III - unikt kollektivknutepunkt | kr. 2, 0 mill. |
| Kulturhistorisk utbetring av Den stavangerske postveg mellom Bergstø og Hetlefjåten | kr. 390 000 |
| Vidareutvikling av Perlene i Nordsjøløypa for nye Øygarden | kr. 1,150 mill. |
| Ferdigstilling av Voss aktivitetspark | kr. 660 000 |
| Herdla Fort friluftsområde - der nye opplevelser finnes! | kr. 1,0 mill. |
| Etablering av Fjordloftet i den nye Hardangerfjordkommunen Voss herad | kr. 500 000 |

2. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at prosjekta vert gjennomført etter intensjonane og som sikrar at fylkeskommunen sin rolle vert synleggjort.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.06.2019

Bakgrunn

Tidlegare, frå 2003 til utdelinga for 2013 var midlane direkte knytt til konsesjonskraft og kalla «Bruk av konsesjonskraftmidlar til regionale utviklingstiltak».

Fylkeskommunen har sidan 2013, med nye vilkår hatt tilskotsordning «Midlar til regionale utviklingstiltak». Ei populær ordning då den får til investeringsføremål.

Midlane skal gå til regionale utviklingsprosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket. Det er ein føresetnad at prosjekta medverkar til å skape gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn – lokalt som regionalt. Hordaland fylkeskommune ønskjer saman med kommunane, næringslivet og andre utviklingsaktørar, å bidra til positiv regional utvikling.

Midlar for 2019 utgjer omlag 5,7 mill kr. Grunna stor etterspurnad har midlane tidligare vore fordelt for to år. For 2019 vert midlane lyst ut for eitt år sett i samanheng med at vi går inn i nye Vestland fylkeskommune frå 2020. Den totale ramma for 2019 er kr 9,577 mill. under budsjett Regional Utvikling – 2019, Regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling. Av dette er 4 mill. kr. Disponert til turistvegprosjektet «Fossar i Hardanger» (4 mill. kr. Pr år frå 2012). I tillegg har ein auka ramma med tilbakeførte midlar frå tidligare tildelinger.

Tidlegare tildeling

Tildelinga for 2017 – 2018 var på 10,87 mill. kr. og Fylkesutvalet prioriterte følgjande prosjekt som strategisk viktige for regional utvikling:

| Prosjekt: | Beløp: |
|--|----------------|
| Nye Hangursbane Hovudprosjekt, 2. byggjetrinn. | 2,0 mill. kr |
| Lindehuset, finansiering av takprosjekt, 1. byggjetrinn. | 0,538 mill. kr |
| Voss Aktivitetspark, byggjetrinn 2. | 0,4 mill. kr |
| Nothengjo på Hellesøy, Øygarden, 2. byggjetrinn. | 2,035 mill. kr |
| Hardangerbadet | 1,5 mill. kr |
| Sunde Kyst- og Litteratursenter, 2. byggjetrinn. | 2,8 mill. kr |
| Etablering av Norsk Natursenter – Hardanger | 1,6 mill. kr |
| Omdisponering av midlar til Trallebana Skjeggedal 2008 til Lindehuset , Odda | 2,0 mill.kr |

[Sjå vedlegg med oversikt over tildeling 2007 – 2017](#)

Kriterier for tildeling av midlar i 2019

Utlysinga til regionale utviklingsmidlar er sendt ut til alle kommunar i Hordaland. Søknadane har vore brent vurdert av ei gruppe samansett frå dei aktuelle fageiningane i administrasjonen. Tildelinga er vurdert å ikkje vere i strid med EØS-regelverket om statstøtte.

Kven kan søkje

Hordaland fylkeskommune inviterer med dette primært kommunane til å søkje om investeringstilskot til unike regionale utviklingsprosjekt. Organisasjonar og institusjonar kan også fremje søknader, men må kunne dokumentera god lokal forankring og prioritering frå den aktuelle kommunen.

Søknadsfrist 14. juni 2019. Ein tek sikte på handsaming av søknadane i KIRU 11./12. september og Fylkesutvalet 19. september 2019.

Kva kan støttast

Støtta skal gå til investering i lokalt forankra unike utviklingsprosjekt der ein kan skape noko særmerkt som styrkar kommunen og regionen. Prosjekta bør ha ambisjonar om å verte synlege landemerke i regionen og forvente å ha lokale og regionale ringverknader.

Midlane er primært tiltenkt investeringsformål. Midlane skal ha ein utløysande effekt og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretiserte.

Krav til søknaden

Søkjar må grunngje kvifor prosjektet er strategisk viktig for regionens utvikling og forventa regionale ringverknader. Ein prioriterer prosjekt som er klar for realisering med ferdig forprosjekt. Alternativt må planlegging av prosjekta vere avslutta seinast i løpet 2019 og ha oppstart i 2020. Det må synleggjerast at prosjekta er så modne at dette er realistisk.

Det vert stilt krav til realismen i prosjekta og til framdriftsplanane. Prosjekta må dokumentera finansieringsplan. Om dette ikkje er på plass ved innsending av søknaden, ber vi om at dette vert ettersendt så snart som råd og før søknaden vert handsama.

Detaljert budsjett og finansieringsplan med oppsett over prosjektering, utbygging og totalt. Finansiering dokumenterast ved kopi av vedtak eller tilsegn.

Aktørar som støttar søknaden dokumenterast ved eventuelle vedtak, støtteerklæring o.l.. Tilhøve til offentlege planar og naudsynt løyve/ konsesjonar o.l., anna relevant informasjon, eventuelt link til nettside. Vedlegg kan lastast opp i forbindung med innsending av søknad i regionalforvaltning.no.

Oversikt over søknadar i 2019

| Prosjektnavn | Søkar | Totalkostnad byggjetrinn | Søkt beløp | Forslag til tildeling |
|--|---------------------------|-----------------------------|------------|--------------------------|
| Ovn III - unikt kollektivknutepunkt | Odda kommune | 11 117 863 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| Rehabilitering av Hengjo i Bekkjarvik | Bekkjarvik eiendom AS | 3 350 000 | 2 500 000 | 0 |
| Kulturhistorisk utbetring av Den stavangerske postveg mellom Bergstø og Hetlefåten | Os kommune, Kultureininga | 785 250 | 392 625 | 390 000 |
| Flokehyttene ved Ryvarden Kulturfyr - unike naturopplevelser | Haugesund Turistforening | 13 387 500 | 2 500 000 | 0 |
| Upcycling på Straume | Fjell kommune | 2 650 000 | 1 325 000 | 0 |
| Vidareutvikling av Perlene i Nordsjøløypa for nye Øygarden | Nye Øygarden kommune | 5 000 000 | 2 000 000 | 1 150 000 |
| Unikt visning- og undervisningsarena for høsting av energi fra sol og sjøvatn | Kystmuseet i Øygarden | 18 471 000 | 2 871 000 | 660 000 |
| Ferdigstilling av Voss Aktivitetspark - Ein generasjonsmøteplass. | Voss Aktivitetspark | 12 771 000 | 3 000 000 | 0 |
| Ny basisutstilling, Voss folkemuseum | Hardanger og voss museum | 14 024 000 | 3 000 000 | 0 |
| Herdla Fort friluftsområde - der nye opplevelser finnes! | Askøy Kommune | 2 300 000 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Etablering av Fjordloftet i den nye Hardangerfjordkommunen Voss herad. | Granvin herad | 800 000 | 500 000 | 500 000 |

| | | | | |
|--|--------------------------------------|------------|------------|-----------|
| Formidlings og aktivitetsbrygge i Sandviken | Bergen kommunale kystkultursenter AS | 1 000 000 | 400 000 | 0 |
| Etablering av regionalt kompetansesenter innan samfunnsberedskap, brann- og redning. | Masfjorden kommune | 3 000 000 | 1 500 000 | 0 |
| Totalsum søknadar | | 88 656 613 | 22 988 625 | |
| Totalsum til fordeling | | | | 5 700 000 |

Kommunane si holdning til eigne søkte prosjekt og deira uttalte prioriteringar til søknader frå organisasjonar og institusjonar er lagt til grunn for alle prosjekta.

Av 13 søkjrarar er det to kommunar, Voss og nye Øygarden som har fleire søkjrarar og har prioritert mellom desse.

Ein av dei 13 søkjrarane, Voss aktivitetspark vart løyvd midlar gjennom ordninga i 2017 – 2018 og søker no ferdigstilling.

Fylkesrådmannen si samla vurdering

Det var mange gode søkjrarar til regionale utviklingsmidlar i år. Med søkt beløp på til saman 23,89 mill. kr. og 5,7 mill. kr til fordeling har det vore naudsynt å gjere prioriteringar. Prosjekta ein rår til å støtta, er alle unike prosjekt med god lokal forankring. I år har ein valgt å løfte fram prosjekt som er positive i eit folkehelseperspektiv og som løfter fram sosial berekraft då dei er allment tilgjengelege, viktige kulturminner og opne, sosiale møteplassar. Dei innstilte seks prosjekta er geografisk fordelt mellom åtte kommunar; Sund, Fjell og Øygarden (nye Øygarden kommune frå 2020), Voss, Granvin, Askøy, Odda og Os.

Dei einskilde søknadar med fylkesrådmannen sine vurderingar

Ovn III – unikt kollektivknutepunkt

Ovn 3 er det største og mest ruvande bygget på smelteverkstomta i Odda. Bygget har ei dominerande framtoning og er vedtaksfreda etter kulturminnelova. Odda kommune byggjer nytt kollektivanlegg utanfor Ovn 3. I samband med arbeidet med å flytte kollektivtransporten inn på dette området, rett vest for Ovn 3, vil det vera naturlig å bruka sjølve bygget rundt Ovn 3 til kompletterande funksjonar; som venterom for kollektivtrafikken, turistinformasjon og servicefunksjonar. Prosjektet er eit samarbeid mellom Odda kommune, Ullensvang kommune, Statens vegevesen, SNU AS, Hordaland fylkeskommune v/ samferdsleavdelinga og fylkeskonservatoren.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Ovn 3 kan bli det mest spennande kollektivknutepunktet i Noreg og samstundes skape stor interesse for dei nasjonale kulturminneverdiane i området. Dette er eit unikt prosjekt der ein vernar viktige kulturminneverdiar gjennom ny bruk. Fylkeskommunen vurderer bygget som nytt og unikt då det kan bli ein viktig sosial møteplass som er universelt utforma og ein arena for alle, både innbyggjarar og tilreisande i regionssenteret.

Innstilling: 2,0 mill. kr.

Rehabilitering av Hengjo i Bekkjarvik, byggjetrinn 1

Bekkjarvik Eiendom AS ønskjer å sikre, rehabilitere og utvikle Hengjo til å bli ein kunnskaps- og undervisningarena. Eit av måla er å etablere ei båtutstilling i Hengjo. Hengjo skal bli ein utstillingsarena som synleggjer tidslinja for korleis fiskeri, transport og samferdsle skapa regionen Vestland. Denne søknaden gjelder byggjetrinn/fase 1 som gjeld rehabilitering av hengjo.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Dette er eit spennande tiltak der ein verner hengjo gjennom ny bruk, samstundes som ein synleggjer kystkulturen i regionssenteret. Fylkeskommunen vurderer at det framleis er ein del avklaringar som må gjerast før dette prosjektet er klart for realisering.

Innstilling: Avslag

Kulturhistorisk utbetring av Den stavangerske postveg mellom Bergstø og Hetlefåten, 1. milepæl

Os kommune i samarbeid med Statens Vegvesen søker om tilskot til å restaurere Den stavangerske postveg mellom Bergstø og Hetlefåten, etter kulturhistoriske prinsipp. Den Stavangerske postveg passerer Os og Fusa, og vil vera eit felles kulturminne for Bjørnafjorden kommune. Denne søknaden gjeld 1. milepæl i prosjektet, Manuell fjerning av vegetasjon som buskar, kvistar og tre inntil ein viss storlek og evt. manuell graving ved murkantar.

Fylkesrådmannen sine vurderinger

Vegen har stor kulturhistorisk verdi og vil kunne gje store identitets- og opplevingskvalitetar for brukarane, og vil kunne verte eit landemerke i regionen. Vegen sin historie, byggjemåte og plassering i landskapet har stor kunnskapsverdi som kan formidlast gjennom skilting. Med desse midlane er 1. milepæl fullfinansiert.

Innstilling: 390 000 kr.

Flokehyttene ved Ryvarden kulturfyr – unike naturopplevelser

Haugesund Turistforening har saman med Opus Arkitekter AS utarbeidet et prosjekt som inneberer 6 mindre hytter strategisk plassert i det barske kystlandskapet ved Ryvarden, tilpassa terrenget, vær og vind – utan å lage varige terrenginngrep. Hyttene opnar seg mot havet med store panoramavinduer.

Fylkesrådmannen sine vurderinger

Flokehyttene kan verte eit spennande tilbod for tilreisande ved Ryvarden kulturfyr. Hyttene er unikt utforma og passar godt inn i terrenget. Diverre når ikkje dette prosjektet opp i konkurransen om regionale utviklingsmidlar.

Innstilling: Avslag

Upcycling på Straume

Fjell kommune søker om støtte til eit pilotprosjekt innan upcycling. I Sartorlunden, som blir Straume sin nye bypark, står eit gammalt bygg som i samsvar med byggeplanen skal gjerast om til ein paviljong med ein enkel kafé. Målet er å gjenbruka material frå andre bygg som skal rivas på Straume, inn i dette prosjektet. Dette kallas upcycling og er eit nytt konsept i Noreg. Dette kan bli eit pilotprosjekt som viser korleis utslip knytt til produksjon av materialar kan minimeras. Her søkerast det som støtte til pilotprosjektet inkludert utvikling av ein idékatalog

Fylkesrådmannen sine vurderinger

Dette pilotprosjektet vil leggje fokus på gjenbruk og upcycling av eksisterande byggjematerialar. Gjennom å gjenbruke material som elles hadde blitt deponert kan det sparast klimagassutslepp i fleire byggjefaser. Fylkeskommunen vurderer at dette prosjektet ikkje er klart for realisering utan ferdig forprosjekt der ein synleggjer gevinsten av tiltaket.

Innstilling: Avslag

Vidareutvikling av Perlene i Nordsjøløypa for Nye Øygarden

Sund kommune søker støtte til utbetring og oppgradering av Norsjøløypa som går gjennom kommunane Sund, Øygarden og Fjell. Bakrunnen for dette prosjektet å skapa god samfunns- og næringsutvikling og å utvikla fellesskap og identitetskjensle i nye Øygarden kommune. Det vil vi gjera ved å ta utgangspunkt i erfaringar som vart gjort i Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, kalla "Perlene i Nordsjøløypa".

Ordførarane i kommunane Sund, Øygarden og Fjell har signert støtteeklæring til dette prosjektet.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Nordsjøløypa kan vera den felles raude tråden i arbeidet med identitetsskaping rundt kystkultur i nye Øygarden kommune. Med denne støtta er prosjektet fullfinansiert ut 2020.

Innstilling: 1,150 mill. kr.

Unikt visning- og undervisningsarena for høsting av energi fra sol og sjøvatn

Kystmuseet i Øygarden søker støtte til bygging og innredning av eit arkitekteinika visings- og undervisningsbygg. Bygget vil drivast av energi frå sol og sjøvatn, og vil huse eit Newton-laboratorie med læreplanstyrt realfagsundervisning til elevar i den nye kommunen, og eit visningsrom for praktisk hausting av fornybar energi.

Øygarden kommune støtter dette prosjektet på finansieringssida.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Den nye visnings- og undervisningsarenaen vil vere eit viktig tilskot til kystmuseet og til den nye kommunen. Det er positivt at ein ønskjer å satse på formidling av hausting av fornybar energi til elevane i kommunen. Det var mange gode søkjrar til regionale utviklingsmidlar og dette prosjektet nådde dverre ikkje opp i konkurransen.

Innstilling: Avslag

Ferdigstilling av Voss Aktivitetspark - Ein generasjonsmøteplass.

Arbeidet med å realisere Voss Aktivitetspark starta allereie i 2013. Byggetrinnet det søker om her gjeld ferdigstilling av parken. Ein rullepark, amfi mot vatnet, rampe og brygge med universell utforming, sittegrupper, leikeapparat m.m. skal på plass og området vil dermed framstå som ein heilhet, og Voss vil få Vestlandet sitt beste aktivitetsområde og generasjonsmøteplass. Voss kommune har gitt dette prosjektet 1. prioritering blant to søkerar frå kommunen.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkeskommunen er positiv til tiltaket då det skapar eit aktivitetsområde som er tilgjengeleg for alle. Tiltaket har godt potensiale som eit nasjonalt pilotprosjekt. Fylkeskommunen støttar aktivitetsparken med midlar til rampe og brygge, som vil gjere badeplassen universelt utforma.

Innstilling: 660 000 kr.

Ny basisutstilling, Voss folkemuseum

Utstillinga i samlingsbygget ved Voss folkemuseum vart opna for publikum i 1985 og skal no fornyast, og den nye basisutstillinga skal historia om Voss, frå gamle dagar og fram til i dag. Voss folkemuseum vil nota i bruk meir moderne verkemiddel, slik at utstillinga vil fenga vidare. Denne søkeren gjeld ombygging av utstillingssal og ny ustilling ved museet. Voss kommune har gitt dette prosjektet 2. prioritering mellom to søkerar frå kommunen.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Prosjektet vil styrka Voss folkemuseum som attraksjon. Samstundes vil dette vera med på å gjera regionssenteret Voss til ein meir attraktiv besøksstad med eit variert tilbod der det er meir merksemad kring kulturarv og lokal identitet. Fylkeskommunen vurderer dette som eit viktig prosjekt for Voss, men dverre når ikkje dette prosjektet opp i konkurransen til regionale utviklingsmidlar.

Innstilling: Avslag

Herdla Fort friluftsområde - der nye opplevelser finnes!

Herdla Fort vart sikra som friluftsområde i 2011 og Askøy kommune overtok forvaltningsansvaret for området i 2012. Kommunen ønskjer å utvikle området til ein arena for ulike former for natur- og kulturminnebaserte aktiviteter. Sommaren 2013 vart det gjort eit større arbeid med planering og drenering av området kalla «krateret» for at dette skulle kunne nyttast som konsertarena og liknande. No søker kommunen om midlar til å rassikre tunnelen inn til krateret og oppbygging av eit amfi inne i gropa.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Dette er ei spennande tiltak som vil opne Herdla friluftsområde som ein meir allsidig arena for ulike opplevingar. Truleg vil dette føre til auka antall besøkjande, også frå ei yngre målgruppe.

Innstilling: 1,0 mill. kr.

Etablering av Fjordloftet i den nye Hardangerfjordkommunen Voss herad.

Granvin kommune søker om støtte til å etablere ei felles hytte, Fjordloftet. Hytta skal synleggjera at Voss no blir ein tydeleg fjordkommune og gjere Granvin synleg og attraktiv som bygd/tettstad.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fjordloftet vil vere eit positivt tilskot til lokalbefolkinga og tilreisande til nye Voss herad. Tiltaket vil leggja til rette for at folk kan møtast på tvers av gamle kommune- og regionsgrense og gjere at Vossingane får eit eigarforhold til fjorden.

Innstilling: 0,5 mill. kr.

Formidlings og aktivitetsbrygge i Sandviken

Bergen kommunale kystkultursenter, sentralt plassert i Sandviken, søker midlar til å byggje eit heilt nytt flytebryggeanlegg. Målet er å styrke bruken av og formidlinga kring kystkultur og fartøy, både for lokalbefolkinga og for dei tilreisande.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Bergen kommunale kystkultursenter gjer ein viktig jobb med å formidla kystkulturen i bergensregionen. Fylkeskommunen vurderer deretter at dette tiltaket ikkje framstår som sentralt og unikt nok til ordninga for regionale utviklingsmidlar.

Innstilling: Avslag

Etablering av regionalt kompetansesenter innan samfunnsberedskap, brann- og redning.

Masfjorden kommune har tatt initiativ til å få etablert eit regionalt kompetansesenter for brann, og beredskap. Fortrinnsvis har utgangspunktet vore for å lukke eigne kompetanseavvik i Gulen og Masfjorden Brann og Redning, samt tilby kurs for næringslivet.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Dette er eit viktig tiltak for regionen. Samstundar vil dette tiltaket famne om ei smal målgruppe og det framstår ikkje som sentralt eller unikt nok til ordninga for regionale utviklingsprosjekt.

Innstilling: Avslag